

## Møtereferat

Dato: 07.12.2018

Emne:	<b>Styreseminar 051218 - Referat</b>	
Til stades:	Styret: Leiar Roald Kvamme, nestleiar Sara Hamre Sekkingstad, Trond Haga, Anne Mette Koch, John Helge Gullaksen, tilsettrepresentant Trude Amundsen, vara tilsettrepresentant Kjerstin Bruvold Klokkeide, studentrepresentant Thomas Rimmereide og vara studentrepresentant Sebastian Hennig.  Fagskulen: Administrasjonsleiar Giulia Casella og avdelingsleiar Lars Hellevik. Til omvising: avdelingsleiar Rune Aase, avdelingsleiar Jørgen Eriksen og avdelingsleiar Tommy Kokai.  Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga: Spesialrådgjevar Adeline Berntsen Landro.	
Forfall:		Sak: 2015/11453-163
Møtetid:	05.12.2018, kl. 9 - 14	Møtestad: Haugeveien 28

**Møteleiar: Styreleiar Roald Kvamme**

**Referent: Første del: Administrasjonsleiar Giulia Casella. Andre del: Spesialrådgjevar Adeline Berntsen Landro**

### Tema: Lover, regler og sentrale styringsdokumenter

Styret vart informert om lover, regler og sentrale styringsdokumenter. I gjennomgang av fagskulelova vart følgjande drøfta:

- Etablering av eigen side på skulen si heimeside for studentrådet (sjå døme Fagskolen Oslo Akershus).
- Styret har ansvar for at offentlege tilskot vert nytta etter føremålet, og ønskjer at rapportering for bruk av t.d. utviklingsmidlar skal handsamast i styret før det vert rapportert. Styret ber også om at rapportering for bruk av utviklingsmidlar som vart sendt KD i 2018 vert lagt fram som melding til neste styremøte.
- Det skal vidare utarbeidast eit delegasjonsdokument mellom styret og skulen, slik at oppgåvene jf. oppgåver og krav omtala i fagskulelova, vert tydeleg fordelt.
- Etter fagskulelova er det arbeidsmiljøloven som gjeld for fagskulestudentane i høve til læringsmiljø. Styret ber om at det vert undersøkt kven som har ansvar for dette når studentane er i praksis, då spesielt psykososialt arbeidsmiljø. Ein bør også undersøkje om UH-lova seier noko om dette.
- Det vart stilt spørsmål ved den lokale klagenemnda – korleis veit styret at evt. feil vert retta opp? Den lokale klagenemnda vil sende ei melding til styret dersom det er noko styret må følgje opp.
- Styret ønskjer meir innsikt i fagskulen sin økonomi slik at styret kan vere aktiv i fylkeskommunen sine budsjettprosessar. I tillegg ønskjer styret ein plan for investeringar og eit eige investeringsbudsjett for fagskulen. Sistnemnte punkt om eige investeringsbudsjett skal styreleiar mellom anna drøfte med fylkesrådmannen. Styret ønskjer også ei oversikt over midlar som ein kan søkje på til utviklingsprosjekt / kompetanseheving.

## Tema: Strategiplan for Fagskolen i Hordaland

Styret ønskjer å spisse strategien for fagskolen og prioritere bruk av midlar i høve til strategi. Styret må ha moglegheit for å sjå til at det er eit handlingsrom innanfor budsjettet, og evt. gje signal om at ramma må justerast dersom det er naudsynt for å nå måla i strategien. Vidare ønskjer styret å delta aktivt i budsjettprosessen for å få tilstrekkeleg kunnskap og innsikt om økonomien på fagskolen, og for å kunne prioritera strategiske tiltak.

Det er ulike tilskotsordningar som fagskolen kan søkje på, t.d. utviklingsmidlar under Kunnskapsdepartementet, regionale næringsmidlar i høve til fornybar energi ol. Styret må difor ha kunnskap om desse ordningane for å kunne finansiera strategiske satsingar.

Styret har ansvar for skulens utdanningsprofil og -tilbod. For skulen er det viktig å, ha tette relasjonar til arbeidslivet i høve til å ta i bruk ressursar og utstyr, samt å få studentane meir ut i arbeids- og næringsliv.

Styret ser føre seg fleksible utdanningsløp, slik at ein kan endre innhald etter behov og snu seg raskt. Dette for å dekke behovet for kompetanse både i nye og etablerte bransjar. Arbeidslivet etterspør også kortare utdanningar, eller utdanningar som er stykka meir opp - modulering. I dag er det barrierar i høve til lovverk for ein moduloppbygging av utdanningane, men styret og fagskolen må arbeide for at det vert gjort endringar i lovverket. Skulen er invitert med på eit større etter- og vidareutdanningsprosjekt saman med Norsk Industri og Fellesforbundet for å sjå på modulbasert gjennomføring av fagskulekurs.

Arbeid med å utvikle nye utdanningar og etterutdanningstilbod er ressurskrevjande, og eigar må få melding om at dette kan krevje ekstra ressursar i ein periode for utviklingsprosjekt innan etter- og vidareutdanning (EVU).

Styret ønskjer ein plan for kva EVU-tilbod som skal utviklast og korleis skulen skal gjere seg nytte av fagområdeakkrediteringa når denne ligg føre. Dette må forankrast i strategien for fagskolen, og styre må operasjonalisere denne.

Styret må arbeide for å sikre god finansiering for vidare vekst, både mot eigar og sentrale styringsmyndigheiter.

### Om strategiplanen som var vedtatt 29.09.18

Styret vil gjere eit større redigeringsarbeid med strategidokumentet. Det redigerte dokumentutkastet skal bli lagt fram for styret i januar 2019, og deretter skal det gjerast eit arbeid for å forankre denne i skulen. Alle tilsette skal ha moglegheit til å gje tilbakemelding. Styret vil vedta endeleg strategi i mars-møtet i 2019. Styreleiar og sekretariat har ansvar for redigering av strategien / dokumentutkastet basert på eksisterande strategidokument.

Tema som styret også ønskjer å drøfte i høve til strategi er:

- Rammer
  - o Skulen i dag, lokalisering og tilknytning til høgskulen
- Modeller for å fange opp nye næringar i etablerte studietilbod
  - o Utvikla nye og fleksible modeller for dette
- Utvikling av skulen og undervisningstilbodet:
  - o Bruk av digitale løysingar i undervisninga (døme – BIM), integrering av digitalisering i utdanningane.
  - o Pedagogikk – kva betyr det at praksisbasert kunnskap er viktig for fagskolen
    - Fagskulen skal ikkje aspirere til å bli ein høgskule – akademisk drift – og styret ønskjer å tydeleggjere skulen sin profil i strategidokumentet

- Regionreforma
  - o kva strategi skal styret ha for fagskulen i det nye fylket?

## Andre tema

### Dialogmøte med arbeidslivet

Styret ønskjer at det vert sett ned ei programkomité i høve til fagskulen sitt årlege dialogmøte med arbeidslivet jf. kvalitetssystemet. Førstkomande dialogmøte er i februar 2019. Det er ønskjeleg med deltaking i programkomiteen frå styret, regionalavdelinga i tillegg til skulen. Styret ønskjer å definere kva som er viktig å drøfte med arbeidslivet og vere tydeleg i høve til kva forventingar ein har til arbeidslivet.

Konkrete innspel frå styret er:

- Få tilbakemelding frå arbeidslivet om kva type utdanningsmodell det er behov for
- Kva ser arbeidslivet for seg fram i tid i høve til kompetansebehov
- Invitere Bergen kommune og Øygarden kommune i høve til helsefagtilbodet – kommunane må definere kompetansebehovet

### Etiske retningslinjer

Det vart vidare tatt opp eit ønskje om å utvikle etiske retningslinjer for fagskulen. Styret stilte også spørsmål ved om studentane ved fagskulen kan nytte seg av ombodstilbodet i fylkeskommunen (mobbeombod og elev- og lærlingombod).

Styret vil vere førebudd på felles møte med styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane, og styremedlemene vert beden om å sende innspel på e-post til sekretariatet.

### Plan / oversikt over aktivitetar

Styret ønskjer ein hel- og halvårsplan som viser kva aktivitetar styret bør delta på utanom styremøta. Sekretariatet vil førebu ein slik plan i tillegg til ein informasjons- og temaplan til det komande styremøtet i januar 2019.

### Administrative ressursar

Styret drøfta behovet for meir ressursar ved fagskulen for å styrka administrasjonen. Det er spesielt behov for meir ressursar til økonomi og utarbeiding nye tilbod, samt vidareutvikling av tilbod. Ein bør også sjå på ressursar i fylkeskommunen i høve til marknadsføring av fagskulen i ulike samanhengar.